



Utval: Levekårsutvalet
Møtestad: Formannskapssalen, Sykkylven rådhus
Dato: 02.02.2010
Tid: 15:15 - 19:40

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Jarle Strømmegjerde	Leiar	
Odd Arne Krüger	Nestleiar	KRF
Odd Arne Eidem	Medlem	KRF
Steinar Johan Bakke	Medlem	AP
Anne Karin Watters	Medlem	AP
Kristin Grebstad	Medlem	SP
Eldar Høidal	Medlem	SV
Helga Lermo Johansen	Medlem	FRP
Arne Hanssen	Medlem	H
Birgitte Sætre Bonesmo	Medlem	H
Rolf Hugo Bjerknes	Medlem	FRP

Fra administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Eldrid Suorza	Kommunalsjef
Ole Johan Lillestøl	Rådmann
Hallstein Kurseth	Einingsleiar kultur
Steinar Nordmo	Rådgjevar skule
Kristin Dyrkorn	Rådgjevar barnehage
Arild Vadseth	Einingsleiar barn- og familietenestene
Ingunn Hole Hunnes	Utvalssekretær

Sakliste

Saksnr	Sakstittel	Lukka
PS 1/10	Godkjenning av protokoll frå forrige møte	
RS 1/10	Referatsaker	
PS 2/10	Vurdering av framtida til Ramstaddal skule. Endring av opptaksområde.	
PS 3/10	Sykkylven musikk- og kulturskule - Endring av elevkontingent 2010	
PS 4/10	Budsjett 2010 - Kultureininga	
PS 5/10	Tilskott til prioriterte idrettsanlegg - 3 søknader 2010	
PS 6/10	Rv60 - namn på riksvegen gjennom Sykkylven kommune	
PS 7/10	Oppsøkjande behandlingsteam psykisk helse (ACT)	
PS 8/10	Psykiatrisk dagsenter - framtidig tenestetilbod	
PS 9/10	Rapport etter sals- og skjenkekontroll 2009	
PS 10/10	Barnehagesektoren, status og inntekter 2010	

Saksdokumenta var lagt ut til offentleg ettersyn på rådhuset/servicetorget, biblioteket, posten, frivilligsentralen, nærbutikkar og www.sykkylven.kommune.no. Dokumenta er også sendt ut på e-post.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Det vart lagt på bordet skriv og informert om nye rutiner for utsending av dokument frå februar 2010.

Sakene vart behandla i slik rekkjefølgje: Sak 1 - 2 - 3 - 4 - 7 - 8 - 9 - 5 - 6 - 10

PS 1/10 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Saksprotokoll frå møtet i Levekårsutvalet - 02.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Det var ingen merknad til protokollen og den vart samrøystes godkjent.

Vedtak:

Protokollen frå møtet den 1.12.09 vert godkjent slik den ligg føre.

RS 1/10 Referatsaker

PS 2/10 Vurdering av framtida til Ramstaddal skule - endring av opptaksområde

Saksprotokoll frå møtet i Levekårsutvalet - 02.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Det vart lagt på bordet skriv frå FAU Ramstaddal skule saman med kopi av brev frå M & R Fylke og kart over skuleruta frå Ramstaddal til Aure skule. Utvalet godkjente at desse skriva vart med i vurderinga av saka. Kartet vart vist på Power Point.

Eldrid Suorza og Steinar Nordmo orienterte.

Utvalet drøfta saka.

Krf v/Odd Krüger, Jarle Strømmegjerde, SV v/Eldar Høidal og Sp v/Kristin Grebstad la fram slikt forslag til vedtak:

1. Levekårsutvalet viser til at det er sett i gang ei vurdering av heile skulestrukturen i kommunen.
2. Levekårsutvalet tilrår at spørsmålet om nedlegging av Ramstaddal skule vert vurdert i samband med denne.
3. Levekårsutvalet tek såleis ikkje stilling til spørsmålet om nedlegging no.

Rolf Hugo Bjerknes la fram slikt forslag til vedtak:

Ramstaddal skule vert bevart i sin noverande form, inntil ein ny sentrumsskule er på plass.

AP v/Steinar Johan Bakke og H v/Arne Hanssen la fram slikt forslag til nytt pkt 3 i tillegg til rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Levekårsutvalet forutset ved nedlegging av Ramstaddal skule at skuleskyssordninga blir tilfredsstillande.

Levekårsutvalet vil ha framlagt den komande skuleskyssordninga til orientering.

Rådmannen sitt framlegg til pkt. 3, vert då pkt. 4.

Ein føretok prøverøysting.

Rolf Hugo Bjerknes trekte deretter sitt forslag.

Avrøysting:

Ap og H sitt forslag fekk 5 røyster. Rådmannen sitt framlegg fekk 0 røyster. Krf, Jarle Strømmegjerde, SV og Sp sitt forslag fekk 6 røyster og vart vedteke.

Levekårsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Levekårsutvalet viser til at det er sett i gang ei vurdering av heile skulestrukturen i kommunen.
2. Levekårsutvalet tilrår at spørsmålet om nedlegging av Ramstaddal skule vert vurdert i samband med denne.
3. Levekårsutvalet tek såleis ikkje stilling til spørsmålet om nedlegging no.

PS 3/10 Sykkylven musikk- og kulturskule - Endring av elevkontingent 2010

Saksprotokoll frå møtet i Levekårsutvalet - 02.02.2010

Behandlingsinformasjon:
Halstein Kurseth orienterte.
Utvalet drøfta saka.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen

Levekårsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Sykkylven kommune aukar elevkontingenten for musikk- og kulturskulen frå 01.01.2010. Vanleg betalingssats vert auka frå kr. 2.000,- til kr. 2.400,- pr. skuleår. Redusert betalingssats vert auka frå kr. 1.800,- til kr. 2.200,- pr. skuleår. Redusert betalingssats gjeld for korpsaspirantar og elevar som får instrumental- og vokalopplæring i grupper.
2. I ein overgangsperiode vil søskenmoderasjonen vårsemesteret 2010 vere 50 % av høgste betalingssats. Frå 01.08.2010 blir det gitt 25 % søskenmoderasjonen av høgste sats (kr. 2.400), dvs. kr. 1.800 pr. år/kr. 900 pr. semester.
3. Sykkylven kommune viser til merknad på søknadsskjemaet til kulturskulen: "Musikk- og kulturskulen må ta atterhald om ei eventuell justering av kontingent-satsane" og tilsendt informasjonsbrev av 15.12.2009.

PS 4/10 Budsjett 2010 - Kultureininga

Saksprotokoll frå møtet i Levekårsutvalet - 02.02.2010

Behandlingsinformasjon:
Halstein Kurseth orienterte og svara på spørsmål.

Levekårsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Levekårsutvalet tek orienteringa vedk. budsjett 2010 Kultureininga til vitende.

PS 5/10 Tilskott til prioriterte idrettsanlegg - 3 søknader 2010

Saksprotokoll frå møtet i Levekårsutvalet - 02.02.2010

Behandlingsinformasjon:
Halstein Kurseth orienterte.
Tilråding frå Sykkylven Idrettsråd vart lagt på bordet.

Krf v/Odd Krüger la fram slikt forslag til pkt. 4 i rådmannen sitt framlegg til vedtak:

På neste møte vert det lagt fram forslag til reviderte retningsliner for kommunale tilskott til private utbyggjarar.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen med tillegg av Odd Krüger sitt forslag til pkt. 4.

Levekårsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Sykkylven kommune viser til søknaden frå Sykkylven Motocrossklubb om klubbhus til motocrossanlegget og legg til grunn ein finansieringsplan på kr. 2.102.000 Sykkylven kommune viser til "Retningsliner for kommunalt tilskott til private utbyggjarar" og gjev tilsegn om kommunal medverknad i finansieringa av klubbhus med kr. 300.000 fordelt over 4 år. Utifrå vanskeleg kommuneøkonomi så må det takast atterhald om kommunen kan fordele midlane over lengre tid.

2. Sykkylven kommune viser til søknaden frå Sykkylven Jeger- og fiskeforening om elgbane/storviltbane og legg til grunn ein finansieringsplan på kr. 1.380.000. Sykkylven kommune viser til "Retningslinjer for kommunalt tilskott til private utbyggjarar" og gjev tilsegn om kommunal medverknad i finansieringa av elgbana med kr. 460.000 fordelt over 4 år. Utifrå vanskeleg kommuneøkonomi så må det takast atterhald om kommunen kan fordele midlane over lengre tid.

3. Sykkylven kommune viser til søknaden frå Sykkylven idrottslag om garderobehus - trinn 2 og legg til grunn ein finansieringsplan på kr. 2.941.000. Sykkylven kommune viser til "Retningslinjer for kommunalt tilskott til private utbyggjarar" og gjev tilsegn om kommunal medverknad i finansieringa av garderobehus - trinn 2 med kr. 700.000 fordelt over 4 år. Utifrå vanskeleg kommuneøkonomi så må det takast atterhald om kommunen kan fordele midlane over lengre tid.

4. På neste møte vert det lagt fram forslag til reviderte retningslinjer for kommunale tilskot til private utbyggjarar.

PS 6/10 Rv60 - namn på riksvegen gjennom Sykkylven kommune

Saksprotokoll frå møtet i Levekårsutvalet - 02.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Sp v/Kristin Grebstad la fram slikt forslag til vedtak:

Frå Aursnes til Fet vert vegen kalla Sykkylvsfjordvegen, frå Fet til grense mot Stranda vert vegen kalla Velledalsvegen.

Forslaget frå Kristin Grebstad fekk 1 røyst, rådmannen sitt framlegg fekk 10 røyster og vart vedteke.

Vedtak:

Levekårsutvalet viser til vedtak i k.sak 28/07, og godkjenner følgjande namn på riksveg 60 gjennom Sykkylven kommune: **Sykkylvsvegen.**

PS 7/10 Oppsøkjande behandlingsteam psykisk helse (ACT)

Saksprotokoll frå møtet i Levekårsutvalet - 02.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Einingsleiar for barn- og familietenestene Arild Vadseth orienterte og svara på spørsmål.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen

Vedtak:

Levekårsutvalet gjer vedtak om at Sykkylven kommune ikkje går inn avtale med Helse Sunnmøre HF om etablering av ACT-team.

PS 8/10 Psykiatrisk dagsenter - framtidig tenestetilbod

Saksprotokoll frå møtet i Levekårsutvalet - 02.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Einingsleiar Arild Vadseth orienterte og svara på spørsmål.

Utvalet drøfta saka.

Odd Krüger la fram slikt forslag til pkt. 2 i rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonen presenterer sitt arbeid med struktur og organisering av tenestene med tanke på best mogleg utnytting av ressursane i løpet av våren 2010.

Ved avrøysting fekk Odd Kruger sitt forslag 1 røyst, rådmannen sitt framlegg fekk 10 røyster og vart vedteke.

Levekårsutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

Kommunestyret tar orientering om framtidig tenestetilbod innan psykiatrisk helseteneste og vidare drift av dagsenter til vitande.

PS 9/10 Rapport etter sals- og skjenkekontroll 2009

Saksprotokoll frå møtet i Levekårsutvalet - 02.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Linda Hovland orinetererte og svara på spørsmål.

Utvalet drøfta saka.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen.

Vedtak:

Levekårsutvalet tar orientering om sals- og skjenkekontroll 2009 til vitande.

PS 10/10 Barnehagesektoren, status og inntekter 2010

Saksprotokoll frå møtet i Levekårsutvalet - 02.02.2010

Behandlingsinformasjon:

Kristin Dyrkorn orienterte.

Samrøystes vedtak: som framlegget frå rådmannen.

Vedtak:

Levekårsutvalet tek saka til vitende og vurderer tiltak på nytt etter hovudopptaket i barnehagane er gjennomført og ein er kjend med konsekvensane av at statlege midlar til barnehagane skal inn i rammeoverføringane.

Jarle Strømmegjerde, leiar

Ingunn Hole Hunnes, utvalssekretær